

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN  
nr. 107/2011**

**2011/EØS/65/14**

**av 30. september 2011**

**om endring av vedlegg XXI til EØS-avtala (Statistikk)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XI til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 89/2011 av 1. juli 2011<sup>(1)</sup>.
- 2) Kommisjonsforordning (EU) nr. 263/2011 av 17. mars 2011 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 458/2007 om det europeiske systemet for integrerte statistikkar over sosial tryggleik (ESSPROS) med omsyn til iverksetjing av ei fullstendig datainnsamling for ESSPROS-modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik<sup>(2)</sup> skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkkel 1*

I vedlegg XXI etter nr. 18uc (kommisjonsforordning (EU) nr. 110/2011) i avtala skal nytt nr. 18ud lyde:

”18ud. **32011 R 0263:** Kommisjonsforordning (EU) nr. 263/2011 av 17. mars 2011 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 458/2007 om det europeiske systemet for integrerte statistikkar over sosial tryggleik (ESSPROS) med omsyn til iverksetjing av ei fullstendig datainnsamling for ESSPROS-modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik (EUT L 71 av 18.3.2011, s. 4).”

*Artikkkel 2*

Teksta til forordning (EU) nr. 263/2011 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. oktober 2011, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

*Artikkkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 30. september 2011.

For EØS-komiteen

***Kurt Jäger***

Formann

<sup>(1)</sup> TEU L 262 av 6.10.2011, s. 61 og EØS-tillegget til TEU nr. 54 av 6.10.2011, s. 77.

<sup>(2)</sup> TEU L 71 av 18.3.2011, s. 4.

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.